



Første statlige Miljøfyrtårn

OPPLAND: Fylkesmannen i Oppland er som den første regionale statsetaten blitt sertifisert som miljøfyrtårn. Selve beviset på dette ble tildelt fylkesmann Kristin Hille Valla av Lillehammers ordfører Espen Johnsen under en markering 28. januar, der Johnsen sa at han håpet Fylkesmannen ville være et forbilde for de andre.



E-resept i Oppland

HELSE: Tirsdag 5. februar innføres e-resept i de tre siste fylkene i Norge: Hedmark, Sogn og Fjordane og Oppland. Fra 5. februar vil derfor apotek og bandasjister i kommunene være i stand til å ekspedere resepter som legene sender elektronisk. Legene informerer den enkelte person som får e-resept i stedet for papirresept.

Sik og åbor fordriv auren frå

Eintydig rapport etter prøvefiske sommaren 2011

Lite tilgang på næring gjer at produksjonen av aure i Strøndafjorden i Nord-Aurdal er dårleg. Hovudskulda får den ganske tette bestanden av sik, men åboren er sterkt medskuldig

TOR HARALD SKOGHEIM

tor.harald@avisa-valdres.no 40632151

NORD-AURDAL: Konklusjonen etter prøvefisket i 2011 er eintydig, og som ved tidlegare undersøkingar: Dersom det skal bli betre tilhøve for aure (ørret) i Strøndafjorden må det fiskast opp ein god del sik og eventuelt også åbor (abbor).

Prosjekt

Prøvefisket sommaren 2011 var i

« Langt hardare fiske vil på sikte gi meir aure – og finare sik og åbor ».

KNUT ØDEGAARD

regi av prosjektet «Betre bruk av fiskeressursane i regulerte vassdrag i Oppland». Dette er finansiert av reguleringsforeininga og miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen.

Klar tale

No ligg rapporten føre. Her heiter det mellom anna at «så lenge det er store bestandar av sik og åbor, vil Strøndafjorden neppe kunne bli eit like godt aurevatn som andre regulerte vann i distriktet, der det ikkje er like stor konkurranse om næring».

Vidare les vi: «Ein varig reduksjon av bestandane av sik og åbor i

FAKTA

Fiske i Strøndafjorden

- Strøndafjorden er regulert sidan 1917, no med 7 meter
- Prøvefiske er gjort fleire gonger, for å finne tiltak for betre utnytting av fiskeressursane
- Mykje sik og åbor, lite aure
- Rapport etter prøvefiske i august 2011 syner det same
- Langt hardare fiske av sik og åbor vil føre til meir aure, og til finare sik og åbor

Strøndafjorden vil krevje eit vedvarande hardt fiske etter desse artane».

Har aldri sett ut aure

Rapporten viser til resultatane frå ei tilsvarande undersøking i 1991. Også den fortel om tett bestand av sik, store mengder åbor og særs lite aure. Grunna den tette sikbestanden er det aldri gitt pålegg om utsetjing av aure i Strøndafjorden. «Det har lita hensikt å setje ut aure i Strøndafjorden så lenge konkurransen om næringstilgang er sterk, og er det som avgrensar produksjonen av aure», heiter det i rapporten.

Sikfiske på 90-talet

I perioden 1992–2000 var det eit prosjekt med utfisking av sik i Strøndafjorden, der grunneigarlaget betalte for kvar kilo. Det skal ha blitt teke opp rundt 100 tonn sik på desse åra, men fangsten stoppa opp då betalinga vart meir enn halvert.

Auren er tapar

Auren finn ikkje næring nok i strandsona, der regjerer store mengder åbor. Dersom auren søkjer ut på vatnet for å ete plankton, blir den utkonkurrert av siken.

Konklusjonen er difor: Langt hardare fiske vil føre til meir aure, og dessutan til finare sik og åbor.



På Strøndafjorden: Knut Ødegaard stod for prøvefiskinga i sommaren 2011, på vegner av grunneigarlaget. Han er også den

– Må fiske mykje meir

LO: Knut Ødegaard, som er med i Strandefjorden grunneigarlag, gjennomførte prøvefiskinga i august 2011. Han kommenterer resultatet slik:

– Folk må fiske mykje meir, då blir det finare fisk. Det er grusomt mykje både av sik og åbor i Strøndafjorden, og dette er hovudgrunnen til at auren nesten er heilt fortrenget, seier han.

Ødegaard er vel den einaste som driv kommersielt fiske i Strøndafjorden. Sidan 2005 har han teke opp rundt 13 tonn sik. Denne blir foredla til fiskepro-

dukt av høg kvalitet gjennom bedrifta Innlandsfisk AS.

– Dei siste åra har vi sett ein del meir fin aure i vatnet enn før. Grunneigarlaget ynskte difor eit prøvefiske, for å få vurdert grunnlaget for å setje ut aure, seier han. Til no har det ikkje vore sett ut aure i Strøndafjorden, og framleis har dette lite for seg.

– Prøvefisket syntte at det er bra rekruttering, men dei døyr tidleg. Åboren fordrev auren frå beite langs land, og ute på vatnet blir den utkonkurrert av siken, seier Ødegaard.



Meir fiske må til: Knut Ødegaard trur på betre tider for auren. ARKIV- FOTO: HELGE GUDHEIM

Færre vil jobbe lenge

OSLO: Kun seks av ti mellomledere på Østlandet planlegger å bli værende i jobben sin i lang tid, viser en undersøkelse. – Rollen som mellomleder er preget av mye press ovenfra, sier Jan Olav Brekke i organisasjonen Lederne.

I en omfattende undersøkelse blant mellomledere i Norge, oppgir 60 prosent av de spurte på Østlandet at de ønsker å bli i sin nåværende jobb i lang tid framover. Blant mellomledere i Hedmark og Oppland er det en nedgang på hele ti prosent fra 2011.

Undersøkelsen er gjennom-

ført av Great Place to Work blant medlemmene til organisasjonen Lederne. Forbundsleder i Lederne, Jan Olav Brekke, sier dette er en utvikling man har sett i norsk arbeidsliv over tid, men er likevel overrasket.

– Det er uventet å se en så stor endring i løpet av bare ett år, og det er bekymringsverdig. Vi vet at mellomledere opplever mye press, særlig fra toppledelsen. De har vanskeligere for å bli hørt, og ofte får de ikke myndighet som står i forhold til det ansvaret de har, sier Brekke.